

SIKRA RETTANE TIL LÆRLINGANE!

Hordaland Senterparti vil arbeida for å styrkja kontrollen på opplæringa av lærlingar i bedrifter i Hordaland. I dag opplever mange lærlingar at dei vert utnytta, og at dei ikkje får den opplæringa som dei har krav på etter læreplanen. Dei må sjølv ta kontakt med opplæringskontoret dersom dei vert urett behandla i bedrifta. Lærlingane er redde for konsekvensen dersom dei klagar, at dei kan verta utestengde eller mista moglegheita til vidare arbeid i bedrifta.

Fylkeskommunen gjev i dag for lite konkrete opplysingar til bedriftene om kva lærlingane skal gjennomgå i løpet av læretida. Opplæringskontoret har også hatt ein tendens til ikkje å ta tak i bedrifter som ikkje følgjer lærlingar godt nok opp, fordi ein då kanskje kan mista lærebedrifter.

Dette er ei svært viktig sak, ikkje berre for lærlingane, men også for samfunnet og kvaliteten på fagutdanninga. Hordaland Senterparti skal vera ein pådrivar for at lærlingane sine krav vert følgde i tråd med opplæringsplanen og rettane til lærlingane.

Hordaland Senterparti